Eksterne finansinntekter 900 – 921	- 57 506,00		
Eksterne finanskostnader 500 – 521	33 911,00		
Motpost avskrivningar	0,00		
Endring i arbeidskapitalen	<u>383 571,06</u>		<u>383 571,06</u>
			0,00

Note 8. Trafikkuhell, leigebilavtale, m.v.

KRYSS Revisjon fekk havari på sin leigebil hausten 2014. Den blei påkjørt bakfrå i ei forholdsvis stor trafikkulukke der fire bilar var involvert. Dagleg leiar var sjåfør i leigebilen og kom frå ulukka utan særlege skader. Dagleg leiar var ikkje ansvarleg for ulukka og KRYSS Revisjon skulle haldast skadeslaus for ulukka og skadane på bilen. KRYSS Revisjon vart av skadeforvoldar sitt forsikrings-selskap halden med erstatningsbil i nærmare tre månader, og ettersom skadane på bilen var omfattande og store, valde ein å inngå ny leigeavtale. Normalt skulle avtalen reforhandlast i januar 2015. Ein fekk såleis ekstrakostnader å betale i form av kontantinnskot i 2014, samstundes som ein også måtte betale momsen i forsikringsoppgjøret, for så å få dette refundert i ettertid frå skatteetaten. Alt dette er oppgjort i 2014-rekneskapen. Kostnadene elles er i tråd med normal drift og justert i tråd med leigeavtalen og prisjusteringar i året.

Under art 12101 'Leige av transportmiddel' er det utgiftsført kr. 110.356,-, mot ein budsjettert sum på kr. 70.000,-. Meirkostnaden her skuldast betalt meirverdiavgift i forsikringsoppgjør etter trafikku-lukke, med skifte av bil og kontantinnskot i den samanheng; jfr. Samstyresak 12/2014. Meirverdi-avgifta er refundert i sin heilskap; jfr. det som er nemnt under Note 14, nedanfor punkt 'refusjon av meirverdiavgift'

Note 9. Fagleg oppdatering, kursdeltaking, reiseutgifter, mv.

Utgiftspost, art 11500, 'fagleg oppdatering, kurs, mv.' viser eit forbruk på kr. 207.384,50, mot ein budsjettert sum på kr. 140.000,-. Denne posten må sjåast i samanheng med art 11600 'reiseut-gifter', (med budsjett kr. 185.000,-, og utgiftsført brukt kr. 173.507,1). Jamfør her også andre reise-argar; - artane 11702 (skyssutgifter), 11703, (drift leigebil), og 11705 (refusjon utlegg skyss/transport). Ser vi alle artane under eitt her, har vi i 2014 ei overskriding som bl.a. skuldast kursing av to nyttilsette, ekstra samlingar for personalet, samstundes som innføringa av *Descartes* har påført oss kostnader som ikkje først var medrekna i budsjettet. Dagleg leiar gjorde greie for dette i eigen sak overfor Samstyret 15.10.14. Det er vanskeleg å eksakt budsjettere desse postane på detaljnivå.

Note 10. Inventar og utstyr

Det er i 2014 utgiftsført kr. 130.948,-, mot ein budsjettert sum på kr. 50.000,-. Overskridinga kan åleine forklarast med ekstrarekningar for div utstyr, telefoni, lap-top'ar, docking-stasjonar, oppgradert utstyr, mv. frå SYS IKT. (operativsystemet som vi hadde (XP) er utgått, og vi måtte over på Windows7, med alt datautstyr). Det er også anskaffa nokre nye mobiltelefonar sidan stasjonære fasttelefonar er teke ut av det nye systemet (Lynch-systemet). Vi har alle fått nye telefonnummer (head-set, m.v.) i det nye telefonisystemet, Lynch-systemet, drifta frå Rådhuset i Førde. Dette gjorde dagleg leiar greie for i eigen sak overfor Samstyret i oktober 2014, med spørsmål om budsjettreguleringar (ref. Samstyresak 12/2014, 15.10.14). Det er såleis lagt om telefoni-systemet, der fasttelefonar også er teke bort, både på hovudkontoret i Førde og på regionskontora i Flora og i Hyllestad. Samtundes har vi også måtte skifte ut heile maskinparken, stasjonære maskiner og lap-top'ar. Vi hadde ein god dialog med SYS IKT på dette og fekk godt utstyr til ein forholdsvis rimeleg pris, når ein ser alt under eitt. På grunn av omleggingar innafor SYS IKT-samarbeidet 10 kommunar imellom, valde vi å gå inn i omleggingane i 2014. Omleggingane ville uansett ha kome, og var vi ikkje med i første runde, ville kostnadene kunne bli vesentleg større. Vi følgde anbefalingane frå SYS IKT og er idag godt nøgde med resultatet. Etter dagleg leiar si oppfatning var det riktig å ta dei grep som vart gjorde på maskinsida i 2014. Kostnadene er i samsvar med dei føringar som var antyda overfor Arbeidsutvalet i september og Samstyret i oktober 2014. Også det nye revisjonsverktøyet, Descartes, er anskaffa og sett i drift i 2014.

Note 11. Husleige, straum, reinhald

For 2014 vart det på art 11900, Husleigeutgifter, budsjettert med samla sum på kr. 270.000,-. Rekneskapen viser eit forbruk på kr. 327.249,40, som også har i seg kostnader til andel felleskostnader, straum og reinhald. I 2014 er det på eigen art (art 11800) budsjettert med kr. 25.000,- i straumutgifter, som er/var tiltenkt utgifter knytta til regionskontora. Alt er ført på art 11900 i 2014. Overskridinga skuldast at det i 2014 er utgiftsbelasta andel felleskostnader for regionskontoret i Hyllestad, avrekning både for 2013 og avrekning for 2014. Framover må det takast omsyn til prisjusteringar i høve husleigeavtalene med Førde kommune, Flora kommune og Hyllestad kommune.

Note 12. IKT, Serverløysing, m.v.

KRYSS Revisjon har ein eigen samarbeidsavtale med det interkommunale IKT-samarbeidet (SYS IKT). Det er i 2014 gjort opp i tråd med avtalen, og i tillegg har vi hatt ein del uforutsett support i samband med utskiftning av materiell, ny maskinvare, osv.; - jfr. det som er nemnt under Note 10.

Note 13. Kontingentar

Lisensar for Descartes er utgiftsført på eigen konto, art 11950, med kr. 13.416,40. Det gjeld driftsdelen for 2014, og kjem i tillegg til avtalen med SYS IKT (art 11957), som har i seg kostnader med kr. 25.800,- mot budsjettert sum kr.48.000,-.

Kontingentar til KS vert rekna av lønsgrunnlaget og er utgiftsført med kr. 25.548,-, mot budsjettert sum kr. 20.000,-. Dette dekker KRYSS Revisjon sin medlemskap i KS Bedrift og dei ressursar som vi har til rådighet der. Tilsvarende er det utgiftsført kr. 52.028,- til NKRF (Norges Kommunerevisorsforbund). Her utgjør budsjettert sum kr. 68.000,-, og årsaka til mindrekostnaden her, er at vi i 2014 ikkje har hatt ekstern kvalitetskontroll på vårt arbeid.

Note 14. Inntekstpostane

Sjukepengar/fødselspengar:

Sjukefråværet er lite og det er gjenspeila i rekneskapen. Det er ingen refusjonsbeløp i 2014; både for det som gjeld sjukepengar og fødselspengar.

Overføringar frå kommunane:

Revisjonshonorara frå eigarkommunane utgjer kr. 7.256.000,-. Ressursbruken er i tråd med det som har vore planlagt for 2014, og dette er også i tråd med budsjettet sum. Alle eigarkommunane har betalt sine honorar for 2014. KRYSS Revisjon sitt mindreforbruk i 2014 vart avsett til disposisjonsfond i tråd med vedtak av Samstyret i mai 2014. Delar av dette er nytta til dekning av meirkostnadene i 2014, slik Samstyret har gjort vedtak om i sak 12/2014, den 15.10.2014; - jfr. det som er teke inn i Årsrapporten for 2014 og i *Note 15 og 16* nedanfor.

Overføringar frå andre:

Det vert vist til spesifisert artskontoplan for inntektene. Avgiftspliktig omsetning vert ført på art 16500, og viser inntekter med kr. 106.500,-, mot eit budsjett på 140.000,-. Avviket her skuldast oppdrag som er gått ut av oppdragsportefølgjen.

Overføringar frå andre, føretak, særbedrifter, m. m., viser inntekter med høvesvis kr. 31.280,- (art 17700) og kr. 395.000,- (art 17800). Dei korresponderande budsjettala for desse inntekstpostane viser kr. 50.000,- og kr. 411.000,-. Det må her gjerast merksam på at eit par kommunale føretak er nedlagt og teke inn att i kommunerekneskapen i berørt kommune, og eitpar andre småoppdrag er omorganisert og gått ut av oppdragsportefølgjen til KRYSS Revisjon.

Det er også verd å merke seg at inntekter er uteblitt på grunn av manglande gjennomføring av påtenkt internkursing, fagdagar, dagsseminar, mv., i eigenregi av KRYSS Revisjon, for eigarkommunane og andre i oppdragsportefølgjen. Ein gjennomførte eitt felles dagsseminar for kyrkjerekneskapane, kyrkjevevjer og rekneskpasførarar/revisorar på slutten av året. Ein klarte likevel ikkje å få til det ein såg føre seg hausten 2013 då budsjettet vart lagt.

Refusjon av meirverdiavgift:

Samla sum refundérbar meirverdiavgift går fram av både utgiftssida og inntektssida. For 2014 utgjer sum refusjonskrav meirverdiavgift etter momskompensasjonsregimet kr. 197.348,21. Dette er ca kr. 42.000,- meir enn for 2013 og skuldast i all hovudsak betalt meirverdiavgift i forsikringsoppgjøret etter trafikkulukke, som også er inntektsført i 2014.

Finansinntekter/Renteinntekter:

Det er i 2014 inntektsført renteinntekter med kr. 55.548,-, mot budsjettet kr. 40.000,-. Dette vert forklart med stort sett rettidige innbetalningar frå kommunane og oppdraga, og dei rentebetingelsar KRYSS Revisjon har fått til for sine likvide midlar, med sin bankforbindelse.

Note 15. Interne finansieringstransaksjonar

Bruk av interne finansieringstransaksjonar er artar som vert nytta for å synleggjere/bokføre bruk av avsetningar eller tilføring av avsetningar til eigenkapitalen. Slik rekneskapen er presentert på detaljnivå, blåser desse transaksjonspostane opp både utgiftssida og inntektssida i rekneskapen.

I 2013 kom driftsrekneskapen ut med eit positivt netto driftsresultat på kr. 573.365,05, som i all hovudsak skreiv seg frå sparte løns- og sosiale kostnader; bl.a. som følge av vakanse i ledig stillingsheimel i første halvår av 2013. Driftsresultatet for 2013 vart framført som unytta ved årsskiftet, og Samstyrt gjorde vedtak om å avsette dette som eit buffertfond for å kunne møte framtidige økonomiske utfordringar. I oktober 2014 gjorde Samstyret vedtak om at eit meirforbruk i 2014 skulle dekkast inn ved bruk av avsette midlar frå tidlegare år. Årsrekneskapen for 2014 viser eit reelt meirforbruk på kr. 383.571,06. Dette beløpet er inndecka i årsrekneskapen for 2014, ved at same sum er henta frå avsette midlar og nytta til inndecking av meirforbruket i 2014. Rekneskapen for 2014 er såleis gjort opp i null.

Restbeløp som er inneståande på KRYSS Revisjon sitt disposisjonsfond pr. 31.12.2014 utgjer kr. 346.434,70. Den einskilde kommune sitt eigarskap til dette går fram av oppsettet nedanfor. Beløpet framstår som eit buffertfond for å møte framtidige økonomiske utfordringar som KRYSS Revisjon vil stå overfor.

Dersom ein nyttar fordelingsreglane og statusen i oppgjeret elles for 2014, og eit snitt av fordelingen dei siste åra, vil den einskilde kommune sin andel i driftsresultatet (andel i mindreforbruket/årsoverskotet) sjå slik ut:

Kommunevisse fordeling andel, KRYSS Revisjon sitt buffertfond/disposisjonsfond 31.12.2014									
Årsrekneskapen for KRYSS Revisjon for 2014 - Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord									
Askvoll	27 957,28	Forde	39 361,91	Jølster	30 271,46		8,070 %	27 957,28	Askvoll
Bremanger	34 272,79	Gaular	31 210,30	Naustdal	24 867,08		9,893 %	34 272,79	Bremanger
Fjaler	34 588,04	Gulen	34 265,86	Solund	22 920,12		9,984 %	34 588,04	Fjaler
Flora	38 838,79	Hyllestad	27 881,07			Samla sum:	11,211 %	38 838,79	Flora
Sum	135 656,90	Sum	132 719,14	Sum	78 058,66	346 434,70	11,362 %	39 361,91	Forde
							9,009 %	31 210,30	Gaular
							9,891 %	34 265,86	Gulen
							8,048 %	27 881,07	Hyllestad
							8,738 %	30 271,46	Jølster
							7,178 %	24 867,08	Naustdal
							6,616 %	22 920,12	Solund
							100,000 %	346 434,70	Totalt

Forde, 31.12.2014/18.02.2015

Terje Forde

Dagleg leiar/Revisjonssjef

Beste estimat lagt til grunn ut frå fordelingsnøkkel, 1/4 fast, 1/4 folketal og 2/4 medgått tid.

Identisk med ressursfordeling i budsjett og avrekningsoppgjør for 2014 på oppdraga innafor KRYSS Revisjon sin oppdragsportefølgje i driftsåret 2014

Note 16. Kommunespesifikasjon av honorarstorrelser fordelt i 2014

Spesifikasjon av honorarstorrelser for eigarkommunane for driftsåret 2014 :										
Dok.id.:Jnr. 013/2015, //kommunefordeling honorar 2014										
Sum kostnader i årsrekneskapen for 2014, til fordeling på kommun						Sum kommune	Bruttokostnad	8 427 205,27	(ekskl. avsett frå 2013)	
							Andre inntekter	-787 634,21	fråtrekk alle andre inntekter	
							Avsette midlar	-383 571,06	(bruk av disposisjonsfondet)	
Vedtektene sine fordelingskrav: 1/4 fast, 1/4 folketal, 2/4 medgått tid.						Sum fordeling på kommunane		7 256 000,00	(Er identisk med budsjettet)	
						Til samanlikning				
Kommune:	Folketal	Fordeling	Fordeling	Ressurs	Rekneskap	Samandrag	Avrunda	Budsjett 2014	Rekneskap 2013	Rekneskap 2012
	311214	1/4 fast	1/4 folketal	fordeling	Medgått tid	Sum 2014	Beløp 2014			
1401 Flora	11845	164 909,09	450 231,12	11,07	401 771,48	1 016 911,69	1 016 900,00	1 016 900,00	955 600,00	864 200,00
1411 Gulen	2334	164 909,09	88 715,87	9,85	357 256,48	610 881,44	610 900,00	610 900,00	573 200,00	518 600,00
1412 Solund	798	164 909,09	30 332,16	6,66	241 716,31	436 957,56	436 900,00	436 900,00	408 500,00	370 200,00
1413 Hyllestad	1405	164 909,09	53 404,87	8,00	290 420,59	508 734,55	508 800,00	508 800,00	477 500,00	433 200,00
1428 Askvoll	3008	164 909,09	114 334,76	8,11	294 357,82	573 601,67	573 600,00	573 600,00	536 200,00	485 500,00
1429 Fjaler	2844	164 909,09	108 101,08	9,93	360 267,31	633 277,48	633 300,00	633 300,00	592 800,00	539 400,00
1430 Gaular	2944	164 909,09	111 912,92	9,04	327 971,20	604 793,21	604 800,00	604 800,00	564 800,00	509 800,00
1431 Jølster	3028	164 909,09	115 094,96	8,79	319 114,04	599 118,10	599 200,00	599 200,00	561 200,00	507 500,00
1432 Forde	12813	164 909,09	487 025,02	11,40	413 581,11	1 065 515,22	1 065 400,00	1 065 400,00	993 800,00	897 800,00
1433 Naustdal	2807	164 909,09	106 694,70	7,18	260 570,74	532 174,53	532 200,00	532 200,00	497 600,00	449 500,00
1438 Bremanger	3898	164 909,09	148 163,86	9,95	360 961,60	674 034,55	674 000,00	674 000,00	634 800,00	576 300,00
	47724	1 813 999,99	1 814 000,01	100,00	3 627 988,68	7 256 000,00	7 256 000,00	7 256 000,00	6 796 000,00	6 152 000,00

Alle andre inntektsføringar og honorarstorrelsane for dei kommunale særbedrifter, foretak, stiftingar, overformynderi, legat, osv., er trekt ut for fordeling på kommunane. Oppstillingane over honorarstorrelsane for særbedrifter, foretak, m.v., går fram av eige skjema, og er budsjettert og rekneskapsført for seg under eigen art; jfr. artane 17705, 17700 og 17800 (momsfri omsetning) og art 16500 (avg.pl. omsetning).

Det må her takast i betraktning at ein del av kommunane har sine honorar for bl.a. kyrkjelege fellestråd (sokna), overformynderia, m.fl., er 'innbaka' i avtale mellom kommune og oppdraget. Slik avtalane mellom kommunen og fellestrådet er, er det opp til kommunen å eventuelt krevje refusjon frå særbedrifta/fellestrådet. Einskilde kommunar ser dette i samanheng med 'kommunetilskotet'/avtalen med fellestrådet. (overformynderia er gått ut av oppdragsportefølgjen frå og med 01.07.2013).

For KRYSS Revisjon kunne det vore greitt at ein sende faktura direkte til samtlege oppdrag, men moglege avtaler mellom kommune og foretak/særbedrift kan hindre dette. Ved ei eventuell direktefakturering frå KRYSS Revisjon ville kommunen sitt honorar vore tilsvarande redusert, for det som dette gjeld beløpsmessig. Honorarstorleikane for særbedrifter, foretak og andre oppdrag er fastsett i tråd med den storleik som er fastsett ved budsjettgokjenninga for 2014.

Det vert for øvrig vist til Årsrapporten for KRYSS Revisjon for 2014, d. 20. februar 2015

Førde,
31. desember 2014
20. februar 2015

Kommunerevisjonen
Ytre Sogn og Sunnfjord
Postboks 487, 6801 Førde

Terje Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef

KRYSS Revisjon
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

Spesifikasjon av honorarstørrelser for eigarkommunane for driftsåret 2014 :

Dok.id.:Jnr. 013/2015. //kommunefordeling honorar 2014

Sum kostnader i årsrekneskapen for 2014, til fordeling på kommuna

Sum kommune	Bruttokostnad	8 427 205,27	(ekskl. avsetn frå 2013)
7 256 000,00	Andre inntekter	-787 634,21	fråtrekk alle andre inntekter
	Avsette midlar	-383 571,06	(bruk av disposisjonsfondet)
Sum fordeling på kommunane		7 256 000,00	(Er identisk med budsjettet)

Vedtektene sine fordelingskrav: 1/4 fast, 1/4 folketal, 2/4 medgått tid.

Kommune:	Folketal	Fordeling 1/4 fast	Fordeling 1/4 folketal	Ressurs fordeling	Rekneskap Medgått tid	Samandrag		Avrunda Beløp 2014	Til samanlikning	
						Sum 2014	Sum 2014		Budsjett 2014	Rekneskap 2012
1401 Flora	11845	164 909,09	450 231,12	11,07	401 771,48	1 016 911,69	1 016 900,00	1 016 900,00	1 016 900,00	864 200,00
1411 Gulen	2334	164 909,09	88 715,87	9,85	357 256,48	610 881,44	610 900,00	610 900,00	610 900,00	518 600,00
1412 Solund	798	164 909,09	30 332,16	6,66	241 716,31	436 957,56	436 900,00	436 900,00	436 900,00	370 200,00
1413 Hyllestad	1405	164 909,09	53 404,87	8,00	290 420,59	508 734,55	508 800,00	508 800,00	508 800,00	433 200,00
1428 Askvoll	3008	164 909,09	114 334,76	8,11	294 357,82	573 601,67	573 600,00	573 600,00	573 600,00	485 500,00
1429 Fjaler	2844	164 909,09	108 101,08	9,93	360 267,31	633 277,48	633 300,00	633 300,00	633 300,00	539 400,00
1430 Gaular	2944	164 909,09	111 912,92	9,04	327 971,20	604 793,21	604 800,00	604 800,00	604 800,00	509 800,00
1431 Jølster	3028	164 909,09	115 094,96	8,79	319 114,04	599 118,10	599 200,00	599 200,00	599 200,00	507 500,00
1432 Førde	12813	164 909,09	487 025,02	11,40	413 581,11	1 065 515,22	1 065 400,00	1 065 400,00	1 065 400,00	897 800,00
1433 Naustdal	2807	164 909,09	106 694,70	7,18	260 570,74	532 174,53	532 200,00	532 200,00	532 200,00	449 500,00
1438 Bremanger	3898	164 909,09	148 163,86	9,95	360 961,60	674 034,55	674 000,00	674 000,00	674 000,00	576 300,00
	47724	1 813 999,99	1 814 000,01	100,00	3 627 988,68	7 256 000,00	7 256 000,00	7 256 000,00	7 256 000,00	6 152 000,00

Alle andre inntektsføringar og honorarstørrelsane for dei kommunale særbedrifter, føretak, stiftingar, overformynderi, legat, osv., er *trekt ut før fordeling på kommunane*. Oppstillingane over honorarstørrelsane for særbedrifter, føretak, m.v., går fram av eige skjema, og er budsjettet og rekneskapsført for seg under eigen art; jfr. artane 17705, 17700 og 17800 (momsfri omsetning) og art 16500 (avg.pl. omsetning).

Det må her takast i betraktning at ein del av kommunane har sine honorar for bl.a. kyrkjelege fellestråd (sokna), overformynderia, m.fl., er 'innbaka' i avtale mellom kommune og oppdraget. Slik avtalane mellom kommunen og fellestrådet er, er det opp til kommunen å eventuelt krevje refusjon frå særbedrifta/fellestrådet. Einskilde kommunar ser dette i samanheng med 'kommunetilskotet'/avtalen med fellestrådet. (overformynderia er gått ut av oppdragsportefølgjen frå og med 01.07.2013).

For KRYSS Revisjon kunne det vore greitt at ein sende faktura direkte til samtlige oppdrag, men moglege avtaler mellom kommune og føretak/særbedrift kan hindre dette. Ved ei eventuell direktefakturering frå KRYSS Revisjon ville kommunen sitt honorar vore tilsvarande redusert, for det som dette gjeld beløpssmessig. Honorarstorleikane for særbedrifter, føretak og andre oppdrag er fastsett i tråd med den storleik som er fastsett ved budsjettgokjenninga for 2014.

Kommunerevisjonen

Ytre Sogn og Sunnfjord

Kommunerevisjonen

Ytre Sogn og Sunnfjord

Kommunerevisjonen

Ytre Sogn og Sunnfjord

 Årsrekneskapen for 2014 - KRYSS Revisjon
 - Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord -

Kommunevise fordeling andel, KRYSS Revisjon sitt buffertfond/disposisjonsfond 31.12.2014

Årsrekneskapen for KRYSS Revisjon for 2014 - Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord

Askvoll	27 957,28	Førde	39 361,91	Jølster	30 271,46	8,070 %	27 957,28	Askvoll
Bremanger	34 272,79	Gaular	31 210,30	Naustdal	24 867,08	9,893 %	34 272,79	Bremanger
Fjaler	34 588,04	Gulen	34 265,86	Solund	22 920,12	9,984 %	34 588,04	Fjaler
Flora	38 838,79	Hyllestad	27 881,07			11,211 %	38 838,79	Flora
Sum	135 656,90	Sum	132 719,14	Sum	78 058,66	11,362 %	39 361,91	Førde
Samla sum:							31 210,30	Gaular
							34 265,86	Gulen
							27 881,07	Hyllestad
							30 271,46	Jølster
							24 867,08	Naustdal
							22 920,12	Solund
						100,000 %	346 434,70	Totalt

Beste estimat lagt til grunn ut
frå fordelingsnøkkel, 1/4 fast,
1/4 folketal og 2/4 medgått tid.
Identisk med ressursfordeling og
berekna andelsforhold i samband
med avsetninga som blei gjort i
mai 2015, av Samstyret då mindre-
forbruket i 2013 vart avsett

Førde, 31.12.2014/18.02.2015


Terje Førde

Dagleg leiar/Revisjonssjef


Dagleg leiar/Revisjonssjef

Dok.id.: Innr. 015/2015, //kommuneandel buffertfond disp, fond 31122014

KRYSS Revisjon
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

KRYSS Revisjon
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

BALANSEREKNESKAP 31.12.2014 - KRYSS REVISJON
Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord

Spesifisert balanserekneskap pr. 31.12.2014, KRYSS Revisjon

Konto	Konto (T)	Spes	Spes (T)	Beløp 2014	Beløp 2013
Aktiva; Eigendelar					
21020000	Bankkonto folio			1 031 977,11	1 254 793,07
21020100	Bankkonto OCR			17 571,75	9 304,15
21098000	Skattetrekk			270 011,00	230 726,00
21314007	MVA-kompensasjon NY			197 347,00	155 807,53
21375002	Kundefordringar (manuelle)			-11 250,00	7 500,00
21375998	Kundereskontro				42 500,00
22141001	Eigenkapitaltilskot	1020	Eigenkapitalinnskot	329 182,00	297 320,00
Sum Aktiva:				1 834 838,86	1 997 950,75
Passiva; Eigenkapital og gjeld:					
23214001	Skattetrekk			270 011,00	230 726,00
23214005	Konto for Fylkesskattesjefen			8 995,00	16 127,00
23275161	Tariffesta OU fond			6 909,14	6 654,58
23275181	Feriepengar ferieår			547 579,13	456 604,88
23275183	Arb.gj.avg. ferieår			58 043,39	48 400,10
23299001	Leverandørgjeld (manuelle)				-396 229,60
23299003	Nettolønn tilsette				254 999,60
23299004	Trekkeigar 1 månad				141 230,00
23299180	Avsett arb.gj.avg. pliktig løn			142 502,00	109 498,00
23299998	Leverandørreskontro			125 182,50	102 614,43
25699700	Disposisjonsfond	1030	Disp.fond	346 434,70	156 640,71
25950000	Rekneskapsmessig mindreforbruk	1040	Overskot		573 365,05
25990001	Kapitalkonto	1060	Kapitalkto	329 182,00	297 320,00
Sum passiva:				1 834 838,86	1 997 950,75
Sum total avstemming				0,00	0,00

Førde den 31.12.2014 / 18. februar 2015


 Kommunerevisjonen
 Ytre Sogn og Sunnfjord
 Postboks 19, 6801 Førde
 Terje Førde
 Dagleg leiar/Revisjonssjef
 Dagleg leiar/Revisjonssjef
KRYSS Revisjon
 Kommunerevisjonen i
 Ytre Sogn og Sunnfjord

KOMMUNEREVISJONEN I NORDFJORD

KOMMUNEREVISJONEN Ytre Sogn og Sunnfjord KRYSS-REVISJON

Dato: 27.02.2015 Off:
Sak nr. 022-2015 Reg.nr.:
Arkiv: 210 & 14
Avd.kode: 1499
Sakshandsamar T.F.

Til

Styret for Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS)

Revisjonsmelding 2014

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for det interkommunale samarbeidet KRYSS som er oppgjort i balanse mellom inntekter og utgifter etter inntektsføring/bruk av fond, kr 383 571,06, i samsvar med styrevedtak 12/2014. Rekneskapen er samansett av driftsrekneskap, balanse, ei skildring av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleghald eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gi uttrykk for ei meining om årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk, medrekna internasjonale standardar for revisjon. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å sikre at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurdering av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleghald eller feil. Ved slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for

Org.nr: 976 304 470	Kommune: EID GLOPPEN HORNINDAL SELJE STRYN VÅGSØY	Adresse: Rådhusvegen 11 Postboks 300 Postboks 24 Tonningsgata 4 Postboks 294	6770 Nordfjordeid 6821 Sandane 6761 Hornindal 6740 Selje 6783 Stryn 6701 Måløy	Telefon: 57 88 58 87 57 00 92 64 57 87 98 08 97 99 04 26 57 87 48 18 -19 57 84 50 29
------------------------	---	---	---	--

KOMMUNEREVISJONEN I NORDEFJORD

samarbeidet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av samarbeidet sin interne kontroll. Revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til samarbeidet per 31.12. og av resultatet for rekneskapsåret.

Uttale om andre tilhøve

Konklusjon om budsjett

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av samarbeidet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk.

Stryn, den 27.2.2015



Markvard Sunde
Revisjonssjef



Saksutgreiing

SAKSGANG**Styre, utval, komite m.m.**

Formannskapet

Eldrerådet

Kommunal råd for funksjonshemma

Kommunestyret

Møtedato

02.06.2015

09.06.2015

11.06.2015

16.06.2015

Saksnr

034/15

009/15

007/15

038/15

Sakshandsamar: Børge Tvedt	Arkiv: FE-210	Arkivsaknr 15/323
-------------------------------	------------------	----------------------

Årsrekneskapen for 2014

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
20.05.2015	Uttale til rekneskapen 2014	62641
27.05.2015	Sak 016.15 Utale til rekneskapen 2014 for Jølster kommune.pdf	62640

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Rekneskapen for 2014 vert godkjent slik den ligg føre.
2. Meirforbruket på kr 118.951,- vert dekt av disposisjonsfond.

Handsaming i Formannskapet 02.06.2015:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FSK-034/15 Vedtak:

1. Rekneskapen for 2014 vert godkjent slik den ligg føre.
2. Meirforbruket på kr 118.951,- vert dekt av disposisjonsfond.

Handsaming i Eldrerådet 09.06.2015:

Orientering ved rådmann.

ELD-009/15 Vedtak:

Eldrerådet er uroa over kommunen sin tomtesituasjon og meiner det er medverkande til kommunen sin nedgong i innbyggjartal.

Eldrerådet tek orienteringa til vitande.

Handsaming i Kommunal råd for funksjonshemma 10.06.2015:

KRFF-007/15 Vedtak:

Krff tek årsrekneskapen for 2014 til vitande.

Handsaming i Kommunestyret 16.06.2015:

Gerd Sunde Førde SP stilte spørsmål om ugildskap som tenesteleiar i sak 38, 39, 40, 41, 42. Kommunestyret røysta og fann ho samrøystes gild til handsaming i desse sakene.

Anders Kristian Sægrov H ba om gruppemøte:

Etter gruppemøte.

Anders Kristian Sægrov H framlegg:

Rekneskapen for 2014 vert godkjent slik den ligg føre, med følgjande merknad:

- Administrasjonen må kommentere særskilt post under «Hovudoversikt, økonomisk oversikt drift» LN16kjøp som inngår i kommunal produksjon, LN 17 Kjøp som erstattar kommunal produksjon. Dette må leggest fram for formannskapet.

Røysting:

Det vart først røysta over framlegget frå H i punkt 1:

Framlegget frå H fall mot 7 røyster

Det vart røysta over formannskapet si tilråding punktvis

Punkt 1. formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke

Punkt 2 . formannskaps si tilråding vart samrøystes vedteke

KST-038/15 Vedtak:

1. Rekneskapen for 2014 vert godkjent slik den ligg føre.
2. Meirforbruket på kr 118.951,- vert dekt av disposisjonsfond.

Saksutgreiing:

Rådmannen viser til uttale frå kontrollutvalet. [Rekneskapen](#) er tilgjengeleg på kommunen si nettside. For ytterlegare kommentarar om økonomi og utgreiing av drifta for 2014 viser vi til [årsmeldinga](#).

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	15.04.2015	Kryssrevisjon	Revisjonsmelding 2014
2	I	20.04.2015	SEKOM- sekretariat	Rekneskap og årsmelding 2014 - Jølster kommune
4	U	22.04.2015	SEKOM- sekretariat	Årsrekneskapen for 2014, oversending til kontrollutvalet
5	I	19.05.2015	SEKOM- sekretariat	Uttale til rekneskapen 2014



Saksutgreiing

SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.

Formannskapet

Kommunestyret

Møtedato

19.05.2015

16.06.2015

Saksnr

023/15

040/15

Sakshandsamar: Børge Tvedt	Arkiv: FE-210, FA-	Arkivsaknr 15/391
-------------------------------	-----------------------	----------------------

Tertialrapport 1 2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tertialrapport 1 2015 vert teken til vitande.

Handsaming i Formannskapet 19.05.2015:

Fredag 15.5.15 vart det sendt ut retta tertialrapport 1 for 2015

Orientering ved Ordførar, Rådmann

Formannskapet drøfta saka

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke

FSK-023/15 Vedtak:

Tertialrapport 1 2015 vert teken til vitande.

Handsaming i Kommunestyret 16.06.2015:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke

KST-040/15 Vedtak:

Tertialrapport 1 2015 vert teken til vitande.

Saksutgreiing:

Tertialrapporten er rådmannen sin rapport til kommunestyret om status i drifta i rekneskapsåret. Rapporten omhandlar økonomi og status i høve målsettingar i verksemdsplan. Innleiingsvis kjem tabell med oppsummering av prognose for kvar eining. Leiargruppa rapporterer status på «10 på topp», før meir detaljert rapport frå kvar eining følger.

Prognosen viser eit rekneskapsmessig overforbruk på 3,7 mill. kr. Drifta i tenesteeiningane har ei prognose på overforbruk på 1,2. mill. kr. Det er likevel god budsjettdisiplin i einigane. Hovuddelen av forventa overforbruk i rekneskapen skuldast lågare inntekt enn budsjetttert på ansvar 900. Dette skuldast at Jølster har hatt befolkningsnedgang i 2014 som gjev lågare skatt og rammetilskot, redusert utbytte frå Sunnfjord Energi AS, samt at anslaget frå KS i høve auke i skatteinntektene er redusert frå 5,6 % i statsbudsjettet til 4,2 % dersom utviklinga for perioden januar – april held fram. På landsbasis meiner regjeringa i revidert nasjonalbudsjett at skatteinntektene for kommunane vert redusert med 1,6 milliardar kroner. Netto redusert inntekt på ansvar 900 er på 2,5 mill kr.

Rådmannen legg fram eiga sak i høve budsjettjusterting til drøfting i formannskapet 19.05.15 og til handsaming 02.06.15.

HOVUDOVERSYN REKNESKAP OG PROGNOSE

Ansvar	Ansvar	Rekneskap pr April	Budsjett pr April	Prognose
120	Sentraladministrasjon	6 374 105	5 552 292	0
130	Kyrkja	598 750	798 333	0
200	Oppvekst og kultur felles	4 338 612	4 937 667	-600 000
210	Skei skule	6 440 818	6 483 857	-43 000
211	Vassenden skule	10 055 899	10 434 647	326 000
250	Kulturskulen	398 731	386 175	13 000
270	Skei barnehage	1 917 640	1 687 429	0
271	Langhaugane barnehage	3 770 957	3 672 288	0
300	Helse og sosial felles	315 088	612 264	0
312	Helsestasjon	803 437	765 229	0
313	Fysioterapi	681 365	465 831	0
320	Legetenesta	1 759 241	1 408 127	0
340	Psykisk helsevern	2 244 220	1 938 766	305 000
350	NAV sosialtenesta	5 772 767	3 454 405	0
351	Flyktningbusetjing	-374 091	-346 642	500 000
371	Heimetenesta Skei	2 268 970	2 557 665	0
372	Skei bufellesskap	5 887 461	6 822 617	167 000
373	Heimly bufellesskap	3 320 223	2 769 740	0
381	Heimetenesta Vassenden	2 038 089	2 187 514	-149 000
382	Vassenden busenter	4 752 929	4 833 605	133 000
400	Plan, næring, drift felles	42 667	0	0
510	Biblioteket	282 915	408 357	0
610	Plan og bygg	1 236 864	920 011	60 000
620	Drift/komtek avigftsområda	-585 523	50 824	0
621	Drift og kommunalteknikk	4 596 899	3 769 707	480 000
650	Næring og miljø	262 826	895 306	0
900	Finansielle føremål	-63 760 163	-63 526 667	2 548 000
	Samla prognose			3 740 000

10 PÅ TOPP 2015

Punkt 10 på topp	Tiltak og framdrift	Status 11.05.15
Helse – og omsorgstenester Vi skal følge opp samhandlingsreforma ved å ta del i interkommunalt samarbeid om kartlegging og vurdering av tenestetilbodet. Vi skal følge opp interkommunalt samarbeid i høve øyeblikkeleg hjelp døgn. Vi skal fullføre utbygging ved Skei omsorgssenter. Vi skal starte ombygging ved Vassenden bufellesskap. Vi skal starte utbygging ved Heimly Vi skal avklare fullføre personalprosess som følge av ombygging, teneste-endring og	- Følgje opp utbygging Skei omsorgssenter - Gjere vedtak og lyse ut anbod for ombygging til omsorgsbustader Vassenden - Gjennomføre utbygging ved Heimly - Gjennomføre personalprosess og innplassering i nye stillingar for tilsette som får endra stilling som følge av ny organisering - Følgje opp vedteke folkehelseplan	- utbygging Skei omsorgssenter er i samsvar med framdriftsplan og budsjett - Anbod for ombygging til omsorgsbustader Vassenden er lyst ut - Utbygging Heimly. Oppstart mars, ferdigstilling november. - Personalprosess: - Vi har oversikt over stillingar til disposisjon. - Det er gjennomført kartlegginga av kva dei tilsette ønskjer å arbeide med i den nye organiseringa. - Arbeidet med å plassere

omorganisering. Folkehelse Vi skal integrere folkehelsearbeidet i den kommunale drifta.	• Utarbeide helseoversikt i samsvar med krav • Gjennomføre faste møte i folkehelseråd og folkehelsesteam	dei tilsette i ny struktur pågår, fordeling i team og arbeidsstad ○ Innplassering for tilsette klart før ferieavvikling ○ Ny hovudturnus frå hausten ○ Flytting frå Vassenden til Skei frå oktober 2015. ○ Det vil vere behov for ekstraressursar under flyttinga. • Interkommunalt samarbeid om utarbeiding av helseoversikt
Skulane i Jølster Vi skal avklare bruk av grunneigedom og bygg til skuleføremål, idrett og friluftsliv ved Vassenden skule og tidlegare Mo- og Jølster Vidaregåande skule.	• Prosjekt 1. Avklare korleis undervisning skal organiserast og lokalisertast. Kommunestyrebehandling i april 2015. • Prosjekt 2. Avklare rehabiliterings- og ombyggingsbehov, samt bruk av grunneigedom til skule-, idretts og friluftslivsføremål.	• Prosjektrapport på høyring til 29.05.15. • Handsaming i OKH 11.06.15 • Handsaming i KST 16.06.15
Fornyingsarbeid. Vi skal arbeide aktivt med fornyingsarbeid med særleg fokus på: • Innkjøp – e-handel • Kommunikasjonsstrategi • Digitalt arkiv • Velferdsteknologi • Telemedisin	• Fortsatt fokus på nettside og sosiale media. Hovudfokus innhald • Ny nettside 10.02.15 • Deltaking i interkommunalt prosjekt om e-handel • Vedta kommunikasjonsstrategi • Fullføre digitalt arkiv • Nytte telemedisin føremålstenleg og ta i bruk velferdsteknologi	• Ny nettside på plass. Kontinuerlig arbeid med innhald • Kommunikasjonsstrategi vedteke i kommunestyret 28.04.15 • Arbeid med overgang til digital arkiv pågår • Kommunikasjonsutstyr i høve elektronisk samhandling på plass på legekontor
Fiberutbygging Vi skal sette i verk utbygging i sentrale delar av kommunen. Vi skal legge til rette for utbygging i grendene og samarbeid med grendelag om utbygging.	• Fullføre vedteke utbygging Vassenden og omegn • Vurdere nye område for utbygging med søknad til post- og teletilsynet. • Møte med aktuelle grendelag 09.01.15	• Utbygging Vassenden går som planlagt • Søkt om tilskotsmidlar til utbygging Stardalen, Førse, Klakegg, samt eige prosjekt for Sunde sendt
Overordna ROS-analyse og beredskapsarbeid Vi skal utarbeide sektor-ROS for Jølster kommune og oppdatere beredskapsplan for Jølster kommune.	• Implementere overordna ROS-analyse i kommunen • Utarbeide sektor-ROS på aktuelle område • Oppdatere beredskapsplan på grunnlag av overordna- og sektor-ROS	• Beredskapsplan oppdatert • Tilsyn frå Fylkesmannen og DSB på kommunal beredskapsplikt og brann
Sunnfjord Næringspark – Moskog Vi skal starte vidare planlegging og gjere vedtak om organisering av utbygging og utvikling. Vi skal gjennomføre grunnnerverv	• Forprosjekt for utbygging og kostnadsoverslag klart januar • Møte grunneigarar mars	• Anbud for VA og utbygging K1, med opsjon gjennomført • Fortsatt arbeid i høve grunnnerverv

for å realisere Sunnfjord næringspark		
Reduksjon av driftsnivået i Jølster kommune. Vi skal finne tiltak for å redusere driftsnivå frå 2014-nivå med: Kr. 3. mill. i 2015 Kr. 6 mill. i 2017 Kr. 7 mill. i 2018 Reduksjon av driftsnivå skal omfatte gjennomgang av inntekter og utgifter i drift og investeringsnivå.	Følgje opp prosjektdirektiv	Vert arbeid med i samband med økonomiplan 2016 - 2019
Arbeidsgjevarstrategi Vi skal utarbeide arbeidsgjevarstrategi for Jølster kommune	- Utarbeide kompetanseplan - Oppdatere regelverk for tilsetting og permisjon - Følgje opp medarbeidarundersøking utført haust 2014	- Arbeidsgjevarstrategi under arbeid. Drøfting i med tillitsvalde og tenesteleiarar før sommaren. Politisk handsaming hausten 2015 - Kompetanseplan hausten 2015 - Oppfølging av medarbeidarsøking med leiarar og i den einskilde eining
Kommunereform Vi skal gjennomføre vedteke utgreiing for kommunereform i SiS.	- Gjennomføre utgreiing i samsvar med mandat vedteke 30.09.14. - Felles formannskapsmøte 23.01.15 - Vedtak utgreiingsprogram 03.02.15 - Utgreiing og intensjonavtalar våren 2015	- Utgreiingsarbeid i samsvar med vedteken framdriftsplan - Arbeid med intensjonsavtaler i samsvar med framdriftsplan - Lokal prosjektgruppe vedteke - Forhandlingsutval for Jølster kommune vedteke
Astrup	Delta i planlegging av internasjonal lansering av Astrup i regi av Sparebankstiftinga DNB NOR/Dextra Atres	- Møte med sparebankstiftinga 19.01.15 og 18.05.15 - Kartlegging av flora i tunet våren og sommaren 2015 i regi av Sparebankstiftinga DNB NOR - Mindre vedlikehald av hagen som følgje kartlegging

120: SENTRALADMINISTRASJONEN

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status pr i dag
Støtte til alle delar av kommunen sin organisasjon	Sikre ei god handsaming av tilsette i Jølster kommune. Utarbeide ny arbeidsgjevarstrategi for Jølster kommune. Gjennomgang av rutinar og regelverk. Utarbeide kompetanseplanar. Følgje opp medarbeidarundersøking.	Arbeidsgjevarstrategi er i under utarbeiding. Resultat av medarbeidarundersøking er presentert for tenesteleiarar. Kontinuerlig arbeid med leiarutvikling. Ny mal for utviklingssamtale er klar.

	Bidra til god informasjonsflyt både internt og eksternt i tråd med ny kommunikasjonsstrategi. Sikre funksjonelle IKT system. Gjennomgang av rutinar for informasjonssikkerhet. Sikker post og arkivhandtering i tråd med arkivplan. Nytte fullelektronisk arkiv i løp av 2015.	Kommunikasjonsstrategi vedtatt i april. Kontinuerlig arbeid med kommunikasjon. Ein del utfordringar er avdekka, og må arbeidast med. Ny nettside lansert i februar 2015. Førebuing til fullelektronisk arkiv er i gong.
Sikker rekneskapsinformasjon til rett tid	Levere rekneskap (også for kyrkjeleg fellesrad) ved årsslutt til rett tid og etter lover og reglar. Innkrevjing av kommunale krav. Målet er å vere ajour – følgje opp alle restansar til ei kvar tid. Lønsutbetalingar til rett tid.	Rekneskap for kommune og kyrkje er levert.

Økonomi

Prognose	Kommentar til avvik
0	Når vi tek høgde for periodisering, så er forbruket i sentraladministrasjonen så langt i 2015 på linje med budsjettet.

200: OPPVEKST OG KULTUR

(jf verksemdplan)

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status pr i dag
1. Innan barnehage, skule og kultur skal ein gje tilbod om tenester med høg kvalitet. Ein jobbar heilskapleg med mål om å ha: • Barn og unge i sentrum • Den gode vaksenrolla • Godt samarbeid 2. Barn og unge skal ha gode læringsmiljø som fremjar trivsel, utvikling og læring.	Barnehage Planlegge felles plandag for barnehage- og SFO – tilsette. Plandagen vert arrangert i september 2015. Lage ein 4 årsplan for korleis vi skal arbeide i barnehagen. Kva tema, prioriteringar og fokus skal Jølsterbarnehagen ha?	Gruppa som arbeidar med dette er i planleggingsfasen. Tema for plandagen er språk og migrasjonspedagogikk. Startar arbeidet hausten 2015

3. Jølster kommune skal ha faglige resultat i skule som er betre enn fylke og landssnittet. 4. Barn og unge skal i oppveksten i Jølster få kjennskap til eiga bygd, delta i ulike kulturaktivitetar og oppleve utfordringar og meistring.	Skule Bruk av MoJo til skuleføremål	Prosjektgruppa som vart sett ned desember 2014 har utarbeida ein rapport om bruk av MoJo til skuleføremål. Rapporten er no på høyring og skal handsamast 11.06.2015 i utval for oppvekst, kultur og helse og 16.06.2015 i kommunestyret. Prosesen startar hausten 2015.
	Ombygging og rehabilitering Vassenden skule og Mo- og Jølster vid. skule.	Prosjektgruppa arbeidar med å lage nytt system og nye malar for utrekningar av rammetimetalet. Målet er å ha framlegg til nytt system hausten 2015.
	Spesialundervisning og tilpassa opplæring. Det er sett ned ei gruppe som arbeidar for å redusere spesialundervisning i skulen	Møte med sparebankstiftinga mai 2015. Det vert gjort ei kartlegging av flora i tunet våren og sommaren 2015.
	Kultur Astrupfokus Kulturnettverk, eit samarbeid med kommunane i SIS, Jølster, Førde, Gaular, Naustdal og Flora. Finne ut korleis ein skal bruke nettverket på ein god måte.	Har starta prosessen for å bruke nettverket på ein betre måte.

Økonomi

Prognose	Kommentar til avvik
-600 000	Pr. i dag er det eit underforbruk. Ein av grunnane til at det er eit underforbruk etter 1. tertialrapport er at fleire av dei store

	fakturaene for området vert betalt på hausten. Mellom anna vert fordeling av styrkingsmidlar til barnehagane fordelt til hausten, i tillegg kjem dei fleste lisensar på program vi nyttar og fleire interkommunale samarbeid om hausten.
--	--

210: SKEI SKULE

Måloppnåing:

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status pr i dag:
Vurdering	a)Vidareutvikle kompetansen på undervegsvurdering og framovermeldingar, individuelle utviklingsplaner og halvårsvurdering med og utan karakterar . b)Legge til rette for elevmedverknad i vurderingsarbeidet. c)Styrke elevsamtalane, bygge relasjonar.	a)Vi jobba med vurdering på fagutviklingsdagane 30.01. og 20.04. Er komen godt i gang, men skal halde fram neste skuleår. b) Vi jobba med elevmedverknad i vurderingsarbeidet på fagdagen 20.04. Held fram med arbeidet neste skuleår. c) Vi lærte ein del om relasjonar lærar-elev under prosjektet «Klasseleing» førre skuleår. Utfordringa no er å få nok tid til gode samtaler med elevane.
Tilpassa opplæring	a)Korleis handtere uønska elevåtferd ? b)Vidareutvikle og dele erfaringar med varierte undervisnings-metodar og faglege opplegg. c)Sikre at undervisninga byggjer på dei fem ferdigheitene: digitale ferdigheter, munnlege ferdigheter, kunne lese, kunne skrive og å kunne rekne.	a)Vi jobba med rutiner og tiltak i høve mobbing på fagdagen 28.11. (alle tilsette). Rektor hadde felles informasjon for alle pedagogar om enkeltvedtak, avviksskjema, skademelding, trivsels- og ordensreglement fagdag 28.11. b)Når tilsette har vore på kurs, vert det alltid sett av tid til overføring av ny lærdom til dei andre tilsette. Ut over dette har vi brukt lite tid til å dele erfaringar og faglegeopplegg i inneverande skuleår. Satse meir neste skuleår. c)Digitale ferdigheiter: lokal ikt-plan er teken i bruk på alle klassesteg og i alle fag dette skuleåret. Har dei siste åra jobba med bevisstgjerjing om at alle fag har

		ansvar for å jobbe med alle dei grunnleggande ferdigheitene.
Prosjekt	a)Entreprenørskap: vidareføre og styrke samarbeidet med Ungt Entreprenørskap (skulekantine) b)Skulebasert kompetanse-utvikling: klasseleiing (samarbeid med HSF)	a)Skulekantina vert per i dag drifta av elevrådet. Inntektene står på elevrådet sin konto. Klassane kan sende søknad til elevrådet dersom dei treng pengar. b)Skei skule har i tre semester samarbeidd med Høgskulen i S&F om temaet «Klasseleiing». Dette prosjektet er no i ferd med å bli avslutta. Pedagogisk personale meiner dei har fått eit godt utbytte av samarbeidet.

Økonomi

Prognose	Kommentar til avvik
-43 039 kr	Skule: <u>-182 994 kr</u> Ligg noko under budsjett på samla lønnsutgifter i skule. Ligg noko under på kontor/undervisningsmateriell/skulebøker, men desse postane vil auke ved oppstart av nytt skuleår. Utgifter i høve SPK/KLP ligg noko over budsjett. Refusjonar som ligg inne i budsjettet er ikkje innkravd enno. Skulelokale: <u>168 846 kr</u> Straumutgiftene ligg ca 150 000 kr over budsjett. Større kostnad i vinterhalvår + basseng. Betydeleg mindre kostnad i neste tertial. Likevel noko «optimistisk» budsjett i høve straum, redd denne ikkje held ut året. Nødvendig innkjøp av ny oppvaskemaskin på Sfo/1.klasse-bygget. Sfo: <u>-28 891 kr</u> Ligg noko under budsjett på lønnsutgifter. Lite innkjøp av materiell, vert truleg auka i neste tertial ved oppstart av nytt skuleår. Har fått inn ca 10 000 kr meir i brukarbetaling enn budsjettet. Dette pga auka foreldrebetaling (3%) som ikkje låg inne i budsjettet.

211: VASSENDEN SKULE

Måloppnåing

Merk: Skulen har utviklingsplan som følgjer skuleåret. Mykje er overlappande år for år, men einskilte ting kan vere ulikt frå skuleår til skuleår. I praksis vil skulen rapportere på delmål etter utviklingsplan for skuleåret 2014/2015 i vårsemester. For hausten følgjer skulen opp delmål etter utviklingsplan

som gjeld for skuleåret 2015/2016. Dette forklarar kvifor einskilte delmål kan vere ulike i tertialrapporten.

Hovudmål(4 år)	Delmål (1 år)	Status pr. i dag
Organisasjon	- Innsparing skule, spes ped, ressurstildeling 2013-2018 (kommunalt) - Evaluerer og vidareutvikle ny org modell (skuleår 13/14) - Informasjonsflyt internt - Ståstadanalyse - Innføre ny dagsplan /dagsrytme, midttime - ASK i 5. klasse (HISF)	- Skulen representert i kommunal gruppe (rektor, spes.ped. ansv) Prosjektgr. er i arbeid. Mål om å legge fram framlegg til system- haust 2015. - Kontinuerlig - Kontinuerlig - Analyseverktøy for bruk til planlegging 3-4 år fram i tid. Pga. at VS skal «delast i 2» i denne perioden må vi avvente med analyseverktøyet. - Utført. Evaluert og blir justert haust 2015. - I avslutningsfase. Samarbeid med HISF.
PALS- skulemiljø - Ansvar, Omsorg, Respekt	- Vidareutvikle, tilpasse og evaluere implementerte PALS- system og kvalitetsutviklingssystem. Bl. a. med ny årsplan. - Styrke individuelle støttesystem - Sjå heile eleven (sosialt og fagleg). - Styrke mobbeførebyggjande arbeid (MF PALS)	- Kontinuerlig arbeid i PALS- team og leiargruppa. Evalueringar utført. Plan for neste år under arbeid. - Styrking tatt med i timeplanlegging for lærarar som arb. med indiv. støttesystem. Vert vidareført. - Kontinuerleg igjennom året. «Snakk med meg metoden» haust 14 utført og evaluert. Elevundersøking utført og resultat publisert (SMU, lærargruppe, elev, foreldre).
Grunnleggjande ferdigheiter i alle fag	- Styrke tilpassa opplæring. Knyte PALS og fagleg arbeid tettare saman. - Ungdomsskulesatsinga. «Lesing i alle fag» som satsingsområde i 1.-10. kl - Skuleplan for arbeid med IKT, skriving, rekning, lesing, vurdering. - Kartleggingspraksis og oppfølging av kartlegging. - Vurdering for elevlæring, levande årsplanar.	- Kontinuerlig igjennom året - Samarbeid HISF avslutta jan15. Satsing vidareførast internt vår 15, og utvidast ved å ha fokus i utviklplan også neste skuleår. - Vidareutvikle det vi har. Internopplæring bunden tid (møteplan). - Under arbeid. Komunal avgjerd om å starte å bruke systemet VOKAL frå haust 15. Opplæring av nøkkelpersonell vårsemester er under planlegging. - Vidareutvikla eksisterande planar. Bruk av IUP i Fronter starta opp. Mål om å ha lokale læreplanar i Fronter og foreldretilgang til IUP haust 15.
Uteområde og friminutt	- Arbeide for å legge til rette for meir uteaktivitet - Vidareutvikle Friminutt Aktiv	Ny dagsplan med fysisk aktivitet i midttime utført og evaluert. Blir vidareført haust 2015.

	Elevbedrift (Ungt Entreprenørskap)	- Utført. Vidareførast haust 2015. - Lagt inn i ekskursjon og aktivitetsplan, samt avtale med UE.
--	--	--

Økonomi

Prognose	Kommentar til avvik
448 000	Område 20200 Skule - Venta auke i kostnad lønn haust. Hovudsaklig pga. ex. behov nye klassar samt ex. behov framandspråklige elevar. Pedagog og assistent. - Stort overforbruk KLP (avrekning først ved rekneskap) - Driftspostar i stor grad lagt med prognose i balanse. Stram styring pga innsparingstiltak i kommunen. Unntak på: a) undervisningsmateriell pga mange fr. sprkl. elevar, elevar med spesielle behov. b) ex. utg. til tidl. leverandør kopimaskin. Ny avtale i gang. c) auke i kostnad Enivest. Måtte auke linje for å ha kapasitet på systemet for å kunne gjennomføre undervisning og eksamen. Ex. kostnad vedvarer fram til fiber.
30 000	Område 21500 SFO Er budsjettert ex.behov for enkeltbrukarar med ekstra behov. Talet med dette behovet aukar haust.
-152 000	Område 22200 Skulelokale (bygg): - Langtidsvikar har lågare løn enn budsjettlønn. Kan bli endring i løpet av året. - Ex. utgift straum pga tekniske probl. med å justere varmeanlegg.
326 000	Vassenden skule 211: Skulen har i stor grad oversikt over behov neste skuleår på plass. Men pga noko mangelfull informasjon bl.a. om neste års 1. klasse, samt informasjon om behov det vil vere for opplæring framandspråklige elevar til hausten, er det ein del usikre kostnadsfaktorar i perioden framover. Skulen vil pga. dette ha særleg restriktiv økonomisk haldning i perioden framover.

250: JØLSTER KULTURSKULE

(jf verksemdplan)

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status pr. i dag
Utvikle kulturskulen som ressurscenter.	Ferdigstille handlingsplan. Opprette foreldregruppe ved kulturskulen. Utvikle tilbod for born under skulealder.	Avventar framleis nasjonal rammeplan.
Promotere kulturskule.	"Den plutslege scene", tilbod til ungdomsskuleelevar i Jølster som vil spele i band; samarbeid med Jølster bibliotek.	Nøkkelsboks manglar framleis.
Auke elevtalet på Skei, og deretter stabilisere.	Arrangement, konsertar, eigne rekrutteringskonsertar på skulane. Mål: 100 elevar.	Rekrutteringskonsert Skei gjennomført 11.05.15.
Kompetanseheving	Delta på aktuelle kurs,	Framleis under arbeid, sjølv om

	vidareutdanning. (120 studiepoeng, mastergrad i Kulturleing, Norges Musikkhøgskole)	studiet pr. dags dato er stoppa pga samarb.probl. mel. BI og NMH.
Delta i samarbeidsprosjekt	Sitte i styringsgruppe for "Den kulturelle skulesekken",UKM.	Aktiv
Ferdigstille Grushola som uteamfi	Finne nye pottar å søkje midlar frå. Etablere kontakt med landskapsarkitekt.	Grushola er i desse dagar igjen aktuell grunna planar om nytt Hugleikssonspel.

Økonomi

Prognose	Kommentar til avvik
12.556	Rekneskapstala viser pr. i dag eit overforbruk. Brukarbetalinga for våren er ikkje fakturert endå som gir inntekter. Eininga er i balanse.

270: SKEI BARNEHAGE

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status pr i dag
Barna skal stå i sentrum	1. Barna skal føle seg trygg, få omsorg og ha vener. 2. Barna i lag med vaksne må lage nye prosedyrar i samarbeidet mellom avdelingane inne- og i uteleiken 3. Barna skal gje glede og gode augneblikk, ved Skei bufellesskap, ein gong pr. mnd.	Observasjoner: Vi ser at barna trives. Vi har hatt mykje fokus på det og ha vener. 2. Nye prosedyrar. Dette held vi på med 3. Skei barnehage har vore på besøk på sjukeheimen ein gong kvar månad.
Den gode vaksenrolla	1. Vaksne skal vere bevisste på korleis dei samhandlar med barn og vaksne. 2. Vaksne skal gje tryggleik, nærleik, støtte og hjelp. 3. Vaksne skal legge til rette for aktivitetar så barna får utfordringar og opplev meistring.	Tenesteleiar har hatt Utviklingssamtale på alle faste tilsette. Personalet på avdelingane observerer kvarandre og snakkar om det som skjer på avdelingsmøta. Foreldresamtalar: Foreldra gir uttrykk for at dei er fornøgde og kjem med positive og konstruktive tilbakemeldingar. «Tryggleikssirkelen har vore tema på foreldremøte og planleggingsdag for personalet. Intern evaluering av plandokument og gjennomførte aktivitetar. Årshjulet for 2014 – 2015 vart evaluert på planleggingsdagen

		20.04.15
Godt samarbeid	1. Alle skal tørre å seie i frå, utrykke egne ønskjer og gje tilbakemelding. 2. Personalet må lage nye planar for arbeidsfordeling og dele inn i ansvarsområder. 3. Samarbeid med høgskulen i Forskingsprosjekt og som øvingsbarnehage.	1. Alle må ta del i drøftingar og tilbakemeldingar på personalmøta. Utviklingssamtale med tilsette, nyttig for tenesteleiar. 2. Vi har starta evalueringa av korleis organisering og rutinar fungerer etter påbygginga. Vi må samarbeidet meir på tvers av avdelingane, meir i mindre grupper ikkje nødvendigvis alle på ein gong. 3. Skei barnehage er nå med i to forskingsprosjekt på HiSF «Språkintervensjon i barnehagen» BRAVO materiellet « Minoritetsspråklege barn i barnehagen.» Dialogisk lesing Vi er øvingsbarnehage.

Økonomi

Prognose	Kommentar til avvik
0	Bemanninga har vore redusert med 20 % i 4 mnd. pga. redusert barnetal, blir auka frå mai. Barnehagen har budsjettert med bemanning til 54 plasser. Det er pr. i dag ledig 250 % plassar i barnehagen.

271: LANGHAUGANE BARNEHAGE

(jf verksemdplan)

Måloppnåing

Hovudmål(4 år)	Delmål (1 år)	Status pr i dag
Barnet i sentrum	- Halde fram med ny utfluktsplan, kjennskap til eiga bygd - Arbeide vidare med mindreentreprenørskap	- Vi har bada på skei hotell, besøkt kommunehuset, vore i Fjordamattunet og er godt i gang med utfluktsplan. Snø gjer at vi ikkje har fått gått alle stølsturane endå, gruppene tar det att til hausten om dei ikkje får dei no. - Vi har gjennomført 5 rundar med mindre entreprenørskap, dette er eit ettertrakta tilbod til foreldre som kan kjøpe billig Thai mat med seg heim.
Godt samarbeid	- Arbeide med resultat frå medarbeidarundersøking - Halde fram med godt	Har fått svara etter medarbeidarundersøking, vi vart vurdert på 2 nivå slik at avdelingsleiarane fekk leiarevaluering.

	samarbeid med Høgskulen Samarbeid med dei andre barnehagane i kommune om nye rettleiingsgrupper i modellkommuneprosjekt et	Vi fekk godt resultat på begge nivå, vi vert oppmoda om å gjere situasjonsanalyse i barnehagen etter undersøkinga og halde oppe det gode arbeidet - Vi har studentar fast i barnehagen, alle øvingslærarane har sagt ja til å halde fram som øvingslærer frå hausten - Vi har ikkje fått i gang rettleiingsgruppene
Den gode vaksenrolla	- Implementere modellkommuneprosjekt i heile organisasjonen - Psykologisk førstehjelp, få dette verktøyet implementert i organisasjonen - Intern kompetanseheving: «Egen ledelse i lek»	Dette jobbar vi med i møte og plandagar.

Økonomi

Prognose	Kommentar til avvik
100 000,-	Ut frå prognose i rapport ser det ut som vi går 100 000 i underskot, mål er at budsjettet går i ballanse. Vi har gjort ein del innkjøp som gjer at det er overforbruk pr. dags dato.

300: HELSE OG OMSORG FELLES

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status pr i dag
Tilby innbyggjarane i Jølster kommune kvalitetsmessige gode teneste etter gjeldande lovverk, lokale vedtak og i tråd med LEON- prinsippet - <i>lågaste effektive omsorgsnivå</i> .	Sikre høg kvalitet i tenestetilbodet gjennom rett kompetanse på rett plass. Sikre at tenestene er i tråd med gjeldande lovverk og retningslinjer. Legge til rette for brukarmedverknad Sikre gjennomføring av politiske strategiar og vedtak.	Kvalitet på tenestene, rett tilbod og rett kompetanse er kontinuerleg i fokus. Tenesteutvikling gjennom deltaking i KS effektiviseringsnettverk. Avviksrapportering pr. tertial. Gjeldande lovverk ligg til grunn for tenesteutvikling og ved tildeling av tenester. Brukarmedverknad vert sikra gjennom Eldrerådet og Kommunalt råd for funksjonshemma. Utbygging ved Skei

		omsorgssenter er i rute. Planlagt ferdig hausten 2015. Ombygging ved Vassenden omsorgssenter er lyst ut på anbod. Nye omsorgsbustadar ved Heimly bufellesskap; utbygginga er starta. Flyktningbustadar; arbeidet med utarbeiding av anbodsdokument er starta.
Organisere tenestetilbodet slik at det sikrar effektivitet og eit sterkt fagmiljø. Følgje opp «10 på topp»	Ha fokus på fag, kvalitet og kompetanse. Utvikle gode interne prosessar som sikrar involvering og god utnytting av ressursane på tvers av einingar. Implementere samhandlingsreforma, med særskilt fokus på: • Rehabilitering / kvardagsrehabilitering • Folkehelse • Bygge omsorgsbustadar, rehabiliteringseining, korttids plassar	Er kontinuerleg i fokus. Pleie og omsorg deltek i KS effektiviseringsnettverk med føremål å ha god samanheng mellom ressursbruk og kvalitet. Faste leiarmøter i sektoren. Informasjonsmøter ved behov. Personal møter i einingane. Møter med arbeidstakarorganisasjonane. Tilsette er representerte i planprosessar. Organisering helse og omsorg på leiarnivå er på plass. Omstillingsprosess i pleie og omsorg er starta. Innføring av kvardagsrehabilitering i heimetenesta er starta. Kommunen er ein av pilotkommunane knytt til innføring av velferdsteknologi i samarbeid med Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester og Vestlandsforskning. Kommunen deltek i interkommunalt samarbeid knytt til samhandlingsreforma – KAD (kommunal akutt døgneining).
Jobbe fram eit arbeidsmiljø som fremjar rekruttering og at tilsette ønskjer å halde fram i	Ha fokus på rekruttering og kompetanse.	Kontinuerleg fokusområde. Utfordring i høve rekruttering av sjukepleiarar og

tenesta.	Ha fokus på eit arbeidsmiljø som er prega av respekt for den einskilde. Sikre generell oppfølging av tenesteiningane. Rett person på rett plass	vernepleiarar. Arbeidsmiljø er tema på personalmøter og i medarbeidersamtalar. Tettare oppfølging dersom behov. Samhandlingsmøter. Gjennomført kartlegging i pleie og omsorg kvar personalet ønskjer å arbeide etter omorganisering. Arbeidet med å sette saman team er i gong.
Implementere i organisasjonen ei felles haldning som sikrar god samhandling på tvers av einingar og sektorar, internt og eksternt, samt interkommunalt.	Administrativ forankring Tverrfaglege team Tverrfaglege og tverrsektorielle prosjekt Styrke kompetanse Ta del i interkommunalt samarbeid	Samarbeid på tvers av einingar og fagområde er i utvikling. Koordinerande eining, vedtaksnemnd, BUP møte, demensteam. Prosjekt integrering av flyktningar, med særskilt fokus på barna. Prosjektet har fått støtte frå Fylkesmannen til vidareføring. Studiering «demensomsorgas ABC». Kompetanseløftet 2015. Deltok i fleire interkommunale samarbeid; fagnettverk, rus, legevakt, overgrepsmottak, krisesenter, senter mot incest, miljøretta helsevern, prosjekt lokalmedisinsk senter og legevaktsentral.

Økonomi

Prognose	Kommentar til avvik
0	Tertialrapport pr. 30.04.15 syner overskot, men overføringar og betaling for fellestenester og interkommunale samarbeid skjer seinare på året.

312: HELSESTASJON

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status pr i dag
-----------------	---------------	-----------------

Vere ein sentral aktør i å sikre barn og unge best mogleg oppvekstvilkår.	Gje god svangerskapsomsorg. Følgje opp helsestasjonsprogrammet for alle barn og unge. Sikre barn og unge si psykiske helse gjennom tidleg intervensjon. Få status som ammekyndig helsestasjon. Tidleg heimebesøk til alle nyfødde. Oppfølging av overvekt.	Oppnåast Oppnåast Undervegs Undervegs Oppnåast
Sikre nødvendig helsehjelp til flyktningar og asylsøkjjarar	Helsesamtale og helsestatus av alle nyttilflytta asylsøkjjarar. Sikre eit tilpassa helsetilbod vidare. Sikre at desse gruppene har kunnskap om eiga helse.	Oppnåast
Vere ein sentral aktør innan førebyggjande arbeid for å fremje folkehelsa.	Vere ein ressurs i høve til rettleiing av barn og unge og også andre grupper	Ikkje nådd målet

Økonomi

Prognose	Kommentar til avvik
Budsjettbalanse	Negativt avvik på 38 000,-

313: FYSIOTERAPI

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status pr i dag
1. Utvikle tenesta i tråd med nasjonale føringar og lokale behov	1.1.Vidareutvikle tenesta i tråd med kommunen si verdiplattform og vedtekne planer 1.2. Delta i etablering av rehabiliteringsavd. 1.3 Delta i prosjektarbeid innan kvardagsrehab., etablere tverrfagleg innsatsteam og folkehelse	Oppnåast Undervegs Undervegs. Prosjekt innføring av kvardagsrehabilitering er starta. Fysioterapeut deltek i prosjektgruppa.
2. Følgje kommunen sine budsjett og rammer for drift av tenesta.	2.1.Finne rasjonelle driftsformer og tilbod som samstundes sikrar høg fagleg kvalitet. 2.2. Opprette gruppebaserte tilbod til prioriterte pasientgrupper. Vidareføre gruppetilbod innan reumatologi, nevrologi og bassengtrening	Oppnåast Undervegs Oppnåast

3. Utvikle gode samarbeidsarenaer og rutinar med andre tenester internt og eksternt	3.1.Synleggjere tenesta og vår kompetanse opp mot andre einingar i kommunen og mot statlege org./spesialisttenesta 3.2.Delta i Koordinerande Eining og med Individuell Plan 3.3.Vere deltakande i utarbeiding av koordinerte teneste til barn/unge.	Undervegs Oppnåast. Fagleiar fysioterapi er leiar for Kooordinerande eining. Oppnåast
4. Sikre kompetanseutvikling i tråd med kommunen sine behov	4.1.Sikre fagspesifikk kompetanse innafor geriatri og fysioterapi for barn og unge 4.2.Sikre tverrfagleg kompetanseutvikling i forhold til oppstart av rehabiliteringsavdeling.	Oppnåast Rehabiliteringsteam skal etablerast

Økonomi

Prognose	Kommentar til avvik
Budsjettbalanse	Negativt avvik på 215000,-. Negativt avvik skuldast at overføringar frå staten ikkje er ajourført.

ANSVAR 320: LEGETENESTA

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status pr i dag
Vidareføre det medisinske arbeidet på eit høgt kvalitativt nivå		Målet nås
Vere eit godt lågterskeltilbod for alle innbyggjarane i Jølster Kommune		Målet nås
	Vere ein god og aktiv støttespelar for dei andre einingane i Jølster Kommune Halde budsjetttråma	Målet nås Usikkert
	Auke talet listepasientar ved Jølster legekantor	Usikkert

Økonomi

Prognose	Kommentar til avvik
----------	---------------------

Budsjettbalanse	Negativt avvik på 351000,-. Negativt avvik skuldast føring av ein del utgifter i starten av året samt at overføringer frå andre einingar i kommunen ikkje er ajourført.
-----------------	---

340: PSYKISK HELSEVERN

(jf verksemdplan)

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status pr i dag
Fagleg forsvarleg teneste etter gjeldande lovverk med tilstrekkeleg kvalifiserte personalressursar	-Forsvarleg drift utifrå gjeldande lovar, krav og planverk. -Vidareutvikla kvalitetssystem -Konkrete vedtak, informasjon om teneste og omfang. -Behalde kvalifisert personell og legge til rette for utdanning og internundervisning/rettleiing	Personalressursane er knappe sett opp mot auka etterspurnad av tenester. Sjukepleiar manglar per no vidareutdanning i psykiatri. Det er tilsett ny arbeidsleiar med vidareutdanning i psykiatri Små endringar i kvalitetssystemet. Tenesta deltek interkommunalt i utarbeiding av felles tenestestandardar innan rusomsorg. Ein del utskifting i personalgruppa. Jobbar med å få auka kompetanse i bustadar for psykisk sjuke. God tilgang på vikarar. Personalet får tilbod om rettleiing.
Godt arbeidsmiljø i tilfredsstillande arbeidslokale	-Faste personalmøter med heile tenesta og den enkelte avdeling -Årlege medarbeidarsamtaler -Følgje opp IA-avtalen -God intern kommunikasjon	Faste personalmøter med heile tenesta og den enkelte avdeling IA-avtala vert følgt opp og ein legg til rette individuelt for tilsette ved behov. Årlege medarbeidarsamtaler er ikkje starta grunna knapp leiarressurs.
Tett samarbeid med NAV	-Månadlege samarbeidsmøter -Fordeling av ansvar.	Tenestene samarbeider i møter med felles brukarar og fordeler

		ansvar.
God økonomistyring med drift innafor tildelte råmer	-Realistiske budsjett. -Tydelege rapportar på konsekvensar og avvik	Årsmelding for 2014 utarbeida. Rekneskapsrapportar ikkje levert

Økonomi

Prognose	Kommentar til avvik
305 453	Negativt resultat hittil. Ekstra utgifter ved sjukemelding til vikarar og overtid. Stor etterspurnad etter tenester psykiatri. Det er søkt om tilskot til kommunalt rusarbeid. Høgare pensjonsinnskot-KLP enn budsjetttert. Refusjon for ressurskrevjande brukar blir refundert seinare, og kan betre avviket.

350 OG 351: NAV SOSIALTENESTA OG FLYKTINGTENESTA

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status pr i dag
Rett hjelp til rett tid. Barnevernstenesta skal vere kjend og verte brukt av born, ungdom, foreldre og samarbeidspartnarar.	Barnevernstenesta sine vurderingar skal skrivast ned etter kvart som vi set inn og evaluerer hjelpetiltak og plasseringar. Bakgrunn for grunngjeving for/vurdering av tiltak må klart med. -både born og foreldre skal fylgjast opp og medverke aktivt i eiga sak. -Tett samarbeid kring born, for førebygging, tidleg innsats og rette tiltak. Bruke og fornye rutinane vi har for sakshandsaming og internkontroll	Gjennomgang av rutinar er eit kontinuerleg arbeid. Vi er vorten betre på å skrive ned barnefaglege vurderingar og grunngjevingar for val vidare. Vi er i rute med av evaluering av hjelpetiltak.
Busetjing av flyktningar jf. vedtak kommunestyret 2013 og 2014	Halde fram med eit heimebesøk i månaden for dei i introduksjonsprogram. Arbeide vidare med utarbeiding av rutinar på flyktningarbeidet. Betre bruk av socioflyktning, kjøpe opplæring av Tieto.	Vi har busett 6 stk i år. To av desse er barn. Plan rutinearbeid er sett opp. 100% heimebesøk på dei på introprogram.
Yte tenester etter lov og forskrifter	Sikre gode brukarmøte ved kontinuerleg bruk av kollegarettleiing. Gjennomgang av rutinane på KVP – kvalifiseringsprogram.	Vi har fast plan for kollega rettleiing og grupperettleiing. Har gått igjennom rutinar på KVP.
Ingen langtidsmottakarar av sosialhjelp som einaste yting.	Alle brukarar med sosialhjelp som einaste økonomisk yting skal kartleggjast og få tilbod om arbeidsretta tiltak.	Utfordring i høve dei som ikkje har rettar i trygda og dei som ikkje har rett til introprogram. Små tal.

	Framleis sterkt fokus på økonomisk rettleiing og frivillig og tvungen forvaltning for brukarar med økonomiske utfordringar.	
--	---	--

Økonomi

Ansvar	Kommentar til avvik
350	Framleis tidleg å seie noko om prognosane. Pr. i dag ser det greitt ut. Vi brukar noko meir på sosialhjelp på flyktningar, dette er naturleg sidan vi no har busett. Rekneskapen viser underskot, men her manglar refusjonar på buttiltak i Førde og overføring av bunde fond.
351	Det er budsjettert med at tenesta skal få med 1,1mill i overskot. Med ny avtale med Førde norsksenter om betaling og tilsetting av ny medarbeidar er det tvilsamt at tenesta kan klare eit slikt overskot.

371 OG 373:HEIMETENESTER SKEI

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status pr i dag
- Yte gode tenester etter gjeldande lovverk	-Drifte tenesta etter gjeldande lovverk og planar -Ha fagleg forsvarleg drift gjennom heile året -Ha fokus på kvalitet på tenestene -Evaluerer enkeltvedtak på tenester og implementere tenestestandardar -Ivareta brukarane sine behov og arbeide for auka funksjonsnivå og sjølvstende, rehabilitering.	-Brukar avvik systematisk til å betre kvaliteten på tenestene. -Har hatt brukarundersøking, arbeider med tiltak i høve til det. -Har gjennom KS sitt effektiviseringsnettverk utført registrering av kvalitetsindikatorar. -Har styrka saksbehandling og kartlegging i avdelingane. -Hatt opplæring på bruk av makt og tvang.
-Vere ein god og attraktiv arbeidsplass	-Ha eit godt arbeidsmiljø -Følgje opp IA-avtalen -Samarbeid med verneombod og tillitsvalde -Ha fokus på kompetanseutvikling i avdelingane -Rekruttere studentar og fagpersonell	-Har faste avdelingsmøter med alle avdelingar. -Har hatt medarbeidarundersøking, startar veke 20 oppfølging av resultata på den. -IA avtalen: har dialogmøter, er med i prosjekt på sjukefråværsoppfølging. -Deltak på aktuelle fagkurs -Sjukefråværsstatestikk -Vernerundar med evaluering av tiltak

		-Har ikkje god nok rekruttering til sjukepleiar og vernepleiar-stillingar. -Har sendt vidare sak på rekrutteringstiltak.
-Drifte tenesta innanfor tildelte økonomiske rårer	-Realistisk budsjett -Ha god oversikt over budsjett og rekneskap i avdelingane.	-Leverar rekneskap og tertialrapportar.

Økonomi

Ansvar	Prognose / Kommentar til avvik
371	Prognose: 0, avdelinga ser ut til å gå i balanse
373	Prognose: 0, avdelinga ser ut til å gå i balanse

381: HEIMETENESTA VASSENDEN

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status pr i dag
-Yte fagleg forsvarleg teneste etter gjeldande lovverk	- Drifte tenesta etter gjeldande lovverk og planar - Nytte kvalitetssystemet i det daglege arbeidet. - Evaluere enkeltvedatak og implementere tenestestandar inn i vedtaka. Ha fagleg forsvarlig drift gjennom heile året.	Brukarundersøking er gjennomført for brukarane Har fokus på avvik. Kvalitetssystemet er tilgjengeleg for alle i avdelinga. Oppdatert lovverk ligg tilgjengeleg i avdelinga og er implementert i det daglege arbeidet. Jobbar ut frå vedtak fatta i vedtaksnemnda
- Behalde tilsette og rekruttere fagpersonell og Vere ein attraktiv arbeidsplass	- Behalde eit godt arbeidsmiljøet. - Følgje opp IA avtalen. - Implementere kompetanse plan når den er på plass. - Utvikle større samarbeid med psykisk helsevern og busenteret. - Sikre god samhandling med vidaregåande skular og høgskulen for å få studentar i praksis. -Samarbeide med verneombud og tilitsvalde. -Fokus på kompetanseutvikling i avdelingane	Arbeidsmiljøundersøking/kartelegging av tilsette er gjennomført Har fokus på sjukefråvær. Oppfølging av sjukmeldte etter IA avtalen. Hatt fleire felles personalmøte med Vassenden omsorgsenter. Felles sjukepleiarmøte med Vassenden busenter. Har kontinuerlig sjukepleiarstudentar, helsefagarbeidarstudent i praksis. Vernerunde er gjennomført Faste avdelingsmøter i turnus.

		Utviklingssamtale er ikkje starta. Personalet får delta på relevante kurs
Drifte tenesta innanfor tildelte økonomiske rammer	- Lage realistiske budsjett - Rapportere konsekvensar og avvik.	Rekneskapsrapportar Tertialrapportar. Leverte Årsmelding

Økonomi

Prognose	Kommentar til avvik
-149 425	Positivt avvik: Ledig vakant 30% sjukepleiarstilling fram til mai -15. Mindre bruk av fastløn grunna mykje bruk av ufaglærte i ledige vakter ved sjukefråvær.

400: PLAN, NÆRING, DRIFT - FELLES

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status
Tilby innbyggjarane i Jølster kommune gode tenester innan fagområda.	- Sikre kvalitet i teneste-tilbodet ved å ha rett kompetanse på rett plass. - Sikre at tenestene er i tråd med gjeldande lovverk og retningslinjer. - Ferdigstille/implementere kvalitetssystemet i einingane. - Sikre gjennomføring av politiske strategiar og tiltak jamfør mellom anna vedtekne handlingsplanar.	Kompetanseplan på plass i løpet av 2015. Vert kontinuerleg følgt opp. Følgjer opp vedtekne tiltak i mellom anna økonomiplan. Det er gjennomført tilsyn på brann og beredskap.
Bidra til at Jølster er eit aktivt samfunn i endring og vekst.	- Bidra gjennom arealplanen til nye attraktive oppvekst og buområde. - Gjennomføre tiltak etter investeringsbudsjettet til rett tid og i samsvar med godkjent kostnad. - Gjennomføre tiltak i samsvar med «10 på topp» - Delta i fellestiltak i regi av SIS.	Arbeider med å sikre grunn for framtidig bustadareal på Vassenden i samsvar med kommuneplanen. Bidra gjennom utbyggingsavtale til utbygging både på Vassenden og Skei. Utbygginga ved Skei omsorgssenter har ei framdrift i samsvar med plan og budsjett. Heimly: Byggjearbeid tok til i mars og skal vere ferdig i november. Vassenden omsorgssenter er lyst ut på konkurranse. Oppstart byggearbeid til hausten.

		Deltek i prosjekt om utbygging av VA mm til Sunnfjord næringspark. Heile reguleringsplan for E39 er vedteken.
Utvikle tenestetilbodet slik at det kan bidra til eit effektivt og allsidig landbruk.	- Etablere faste møteplassar og dialog med landbruksnæringa. - Bidra gjennom arealplanen til eit allsidig landbruk og landbruk +. - Sikre tradisjonelt betebbruk gjennom prioritering av virkemiddelbruken.	Interkommunalt fagleg samarbeid på fleire fagområde.
Bidra til vekst i næringsetableringa.	- Bidra gjennom arealplanen til større samanhengande og attraktive næringsareal. - Utnytte potensiale som ligg i allereie nye etableringar på Skei. - Nytte potensiale som ligg i oppgradering av E39 og rassikring av RV5.	Vedtak om oppstartsmidlar til E39 Bjørset – Skei. Reguleringsplan for tunnell mm langs RV er føresett lagt ut på høyring sommaren 2015. Bruk av overskotsmassar til konkrete formål er vurdert.

510: BIBLIOTEK

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status pr i dag
Biblioteket som møteplass.	Arrangement, eit forfattarbesøk for vaksne om våren og eit for barn om hausten. Ambulerande bokkafear/debattar med dei andre BIS-biblioteka. «Litteraturhus i grendahusa» Fortsette med lesesirkel for vaksne, 8 treff pr år. Fortsette og vidareutvikle bokkafear og småbarnstreff. Samarbeide med frivilligsentralen.	Forfattarbesøk erstatta av teater i år – vellukka! Barnebokforfattar til hausten, premie til mest-lesande elev på «sommarles» Gjennomført ein felles bokkafe i Førde. Fekk ikkje ekstramidlar – ikkje realisert. Lesesirkel fungerer godt. Bokkafear for eldre heimebuande er bra besøkt.
Barn og unge i sentrum.	Den plutselige scene, tilbod til ungdomsskuleelevar i Jølster som vil spele i band. Samarbeid med Jølster kulturskule.	På vent, må få orden på nøklar

	Sommarles. Lesekonkurranse for barn 6 – 13 år. Samarbeid med BIS-biblioteka Prosjekt «Lesefrø» med nynorske bøker til barnehagane i Jølster.Samarbeid med Skei og Ålhus barnehage og nynorsksenteret. Barnehagefilial i alle barnehagane som ynskjer det.	Det vert sommarles, avslutning på Vassenden i september. Har fått midlar frå nynorsksenteret og er godt i gang. Vi har filial på Skei, Ålhus Vassenden og Stardalen barnehage.
Samlingsutvikling	Formalisere BIS-samarbeidet vidare med felles utstillingar og felles møter om innkjøp. Felles purrerutiner. Fornye fagbokstamma for barn og unge, spesielt på Vassenden. Samarbeid med Vassenden skule. Fornye og utvide lydboksamlinga spesielt på Skei -sirkulasjonsordning mellom Skei og Vassenden Kassere	Felles møter om innkjøp, Felles purrerutiner er innført. Supplerast heile tida. God sirkulasjon på bøker Skei og Vassenden. Norsk bibliotektransport fungerer godt til dei andre biblioteka. Viktig
Kompetanseheving	Delta på fagrelaterte kurs som skjer i nærområde (fylkesbiblioteket)	Usikker situasjon med avdelingsleiar. Ny tilsett må få opplæring via fylkesbiblioteket.

Økonomi

Prognose	Kommentar til avvik
0	Er i balanse

610: PLAN- OG BYGG

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status pr i dag
-----------------	---------------	-----------------

Gjennomføre kommuneplanen sin arealdelen i trå med politiske vedtak.	Ferdigstille kommuneplanen sin arealdel.	Arealdel endeleg vedteken.
Innføre vegadresser i kommunen	Organisering av arbeidet. Starte med inndeling i vegparsellar. Tildeling av husnummer	Mestedelen av inndeling i adresseparsellar er no utført. Starta på arbeid med omnummerering av eksist adressar (partal/oddetal).
Sakshandsamingstid for Pbl-lov og Matrikkelsaker.	Sakshandsamingstid innanfor dei krav som er stilte i lovverket	Noko på etterskot her. Dette skuldast at vegadresse og overgang til NN2000* har vore prioritert.

*NN2000: For opplysningar om dette sjå kommunen si heimeside.

Økonomi

Prognose	Kommentar til avvik
60.000,-	Mindre inntekt på gebyr, svært usikkert delevis pga adressearbeidet.

620-621: DRIFT- OG KOMMUNALTEKNIKK

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status pr i dag
Arbeide med internkontroll innafor forvaltning og organisering av avdelinga.	- Gjennomgang av internkontrollsystemet innafor VA og vidare dei andre tenesteområda. - Gjennomføre/ferdigstille IK for dei ulike tenestene.	På grunn av manglande kapasitet er det gjort liten med IKS. Arbeid med IKS skal starte opp igjen etter sommerferie.
Auke innsats for å behalde kvalitet på tenester og verdiar på det vi har forvaltar.	- Rehabilitere/styrke samferdsel i kommunen. - Forvalte og styrke vedlikehald av bygningar ved å prioritere vedlikehaldstiltak som er med på å sikre verdiar på kommunale bygg/anlegg. - Gjennomføre ENØK-tiltak for innsparing av energikostnader.	- Tilbudsgrunnlaget for asfaltering 2015 er sendt ut til entreprenører. Arbeid skal utførast fra juni-september 2015. - En del av dei prioriterte tiltak for 2015 (bygg) er igangsett. Resten skal igangsettes i løpet av året. - Jølster Kommune har sendt inn søknad til Enova i mars (for å delvis kunne finansiere ENØK-tiltak). Venter på tilbakemelding.
Ferdigstille/gjennomføre krav til brannordning i Jølster.	Halde fram opplæring av brannmannskap	Det er gjennomført ein stor del tilsyn av bustader,

	(deltidsreforma) ○ Auke innsats innafor førebyggjande arbeid. ○ Gjennomføre/ferdigstille brannordning. ○ Etablering av nytt samband for brannvernet.	medan tilsyn av særskilde brannobjekt ikkje er starta opp enno. ○ Vi har gjennomført arbeid med risikokartlegging, inført rutinar og laga innsatsplanar. Supplering av det som er allereie utført skal gjerast før haust.
--	---	--

Økonomi

620: VAR og Feiing/tilsyn

Prognose	Kommentar til avvik
150 000	○ Større drift- og lønsutgifter innafor Vatn og Avløp enn budsjettert (overtid pga driftsproblem spesielt på reinseanlegg og Hegrenes vassverk). ○ Meirkostnader på grunn av problem med Hegrenes vassverk (borebrønnen har ikkje kapasitet). ○ Kjøp av Tankbil. ○ Ansvarsområda vert balansert mot fond og fondsavsetningar.

621: Drift- og kommunalteknikk

Prognose	Kommentar til avvik
300 000	○ Høgare kostnader innanfor vintervedlikehald enn budsjettert. Mykje snø (gjeld spesielt bruk av grus og overtidstimer eige personell).
100 000	○ Akutt reparasjonsarbeid kommunale bruer etter kontrollrunde i april/mai 2015 (gjelder bl.a. stabilisering av fundament og krav ifm rekkverk).
80 000	○ Straumkostnader Vassenden skule (MOJO) er ikkje dekket i budsjett. Blir ført på vaktmeisterbudsjettet.

650: NÆRING OG MILJØ

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status pr i dag
1. Utvikle det tradisjonelle landbruket som basis for all landbruksproduksjon i kommunen.	1.1 Halde fram arbeidet med å fornye driftsopplegget for all produksjon av mjølk i kommunen – gjennom fornying og nybygg av samdriftsløysingar og einskildprodusentar 1.2 Betre arronderinga gjennom kanalisering, grøfting og aktiv nydyrking 1.3 Kultur og jordbruksareal som ikkje kan driftast med rasjonell hausting skal skjøttast gjennom aktiv beitebruk 1.4 Oppretthalde naudsynt kvalitet på tilskotsforvaltninga	✓ Ein søknad om tilskot til nytt mjølkefjøs (45 årskyr og 300.000 l produsert mjølk) handsama og sendt til Innovasjon Norge ✓ Produksjonstilskots-søknadane for januar 2015 er i hovudsak ferdighandsama og tilsyn gjennomført.
2. Jobbe for å sikre regional næringsindustri	2.1 Auke produksjonen av mjølk	✓ Ein søknad om tilskot til nytt mjølkefjøs (45 årskyr og

tilgang på gode råvarer	2.2 Auke produksjonskvotane fra 100 000 liter til 110 000 liter per produsent 2.3 Utvikle sau og geitehaldet gjennom stimulering av produsentmiljøet og nyinvesteringar i driftsmatar og driftsbygningar 2.4 Utvikle nye landbruksproduksjonar innan kjotproduksjon av storfe, svineproduksjon og eggproduksjon	300.000 l produsert mjølk) handsama og sendt til Innovasjon Norge ✓ Finansierer (saman med Gloppen) Mjølkeprosjekt Jølster og Gloppen, som driv råd og rettleiing knytt til mjølke- og storfekjøttproduksjon
3. Utvikle skogbruket for uttak av 10 000m ³	3.1 Nybygging av 5 km Skogsveg 3.2 Auke årleg utplanting og stimulere til bruk av tilskotssystemet	✓ Skogplantar for 2015 bestilt ✓ Innspel om bruk av tunnellmassar frå Kjøsnesfjorden til skogsvegbygging
4. Utvikle sports og næringsfiske i kommunen	4.1 Legge til rette for vidareforedling av jølstraaren. 4.2 Legge til rette for god infrastruktur rundt sportsfiske i vassdraget 4.3 Auke sal av fiskekort og andre produkt knytt til fiske	✓ Ytt 100.000 kr i tilskot til Jølster arefest
5. Utvikle hjorteforvaltninga til gode for jord og skogbruket og som ein ressurs for grunneigar gjennom rekreasjon og auka jaktsal	5.1 Sikre ei bestandsretta forvaltning av hjorten i tråd med kommunalt måldokument 5.2 Minke påkøyrleproblematikken	✓ Ytt tilskot til prosjekt forvaltning av hjortebestand ✓ Invitert hjorteutvalet til møte om nytt måldokument, for kommunen, og resultat av vårteljing
6. Utnytte og utvikle småkraftpotensialet i kommunen	6.1 Stimulere til etablering av småkraftverk	✓ Ingen aktivitet så langt i år

- Dei tre stillingane ved eininga er 100 % bemanna frå 1.5.2015.
- Noko etterslep m.o.t. sakshandsamingstid frå då eininga var underbemanna.

Økonomi

Prognose	Kommentar til avvik
0	Ingen vesentlege avvik

900: FINANSIELLE FØREMÅL

Økonomi

Prognose	Kommentar til avvik	
2.548.000,-	Redusert inntekt	
	Redusert utbytte Sunnfjord Energi AS	1 260 000
	Redusert skatt og rammestilskot, befolkningsnedgang	1 600 000
	Stipulert redusert skatteinngang	900 000
	Kompensasjon red. skatteinngang revidert nasjonalbudsjett	-472 000
	Sum redusert inntekt	3 288 000
	Auka inntekt	
	Auka e-skatt verk og bruk Statnett	-500 000
	Byggjelånsrente 2014	-240 000
	Sum auka inntekt	-740 000
	Redusert inntekt ansvar 900	2 548 000

Dokumentliste:



Saksutgreiing

SAKSGANG**Styre, utval, komite m.m.**

Formannskapet

Kommunestyret

Møtedato

02.06.2015

16.06.2015

Saksnr

040/15

046/15

Sakshandsamar: Børge Tvedt	Arkiv: FE-216	Arkivsaknr 14/1010
-------------------------------	------------------	-----------------------

Forvaltningsrevisjon - Oppfølging av sjukefråvær

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
20.05.2015	Forvaltningsrevisjon - Oppfølging av sjukefråvær - Jølster kommune, tilråding frå kontrollutvalet	62642
27.05.2015	Sak 014.15 Forvaltningsrevisjon - Oppfølging av sjukefråvær - Jølster kommune.pdf	62643
27.05.2015	Forvaltningsrevisjonsrapport Jølster kommune - Oppfølging av sjukefråvær, datert 22.4.2015.pdf	62644
17.12.2014	Oppstartsbrev i samband med tingniga forvaltningsrevisjon frå Jølster kontrollutval	58214

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tek rapport om forvaltningsrevisjon – Oppfølging av sjukefråvær, til orientering.
2. Kommunestyret viser til konklusjon og tilrådingar og ber rådmannen følgje opp tilrådingane, som vist til i punkt 3 nedanfor.
3. Tilrådingane skal gjennomførast i samsvar med framlegget frå rådmannen i kommentarar til høyringa slik:

Oppdatering av rutinar:

Rutine	Frist	Ansvar
Registrering av sjukefråvær Tieto	01.09.15	Tenestekontoret
Registrering av sjukefråvær skule	01.09.15	Tenestekontoret/skulane
Produksjon og utsending av refusjonskrav NAV	01.09.15	Kommunekassen
Oppfølging av refusjonskrav NAV	01.09.15	Kommunekassen
Oppfølging av sjukmelde	01.09.15	Tenestekontoret
Dokumentasjon av sjukefråværsoppfølging	01.09.15	Tenestekontoret
Ansvar og delegering sjukefråværsoppfølging	01.09.15	Tenestekontoret
Opplæring oppfølging av sjukmelde tenesteleiarar og andre som jobbar med sjukefråværsoppfølging	01.11.15	Tenestekontoret/ Rådmannen

Rutinar skal vere ein del av kommunen sitt kvalitetssystem.

Handsaming i Formannskapet 02.06.2015:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

FSK-040/15 Vedtak:

1. Kommunestyret tek rapport om forvaltningsrevisjon – Oppfølging av sjukefråvær, til orientering.
2. Kommunestyret viser til konklusjon og tilrådingar og ber rådmannen følgje opp tilrådingane, som vist til i punkt 3 nedanfor.
3. Tilrådingane skal gjennomførast i samsvar med framlegget frå rådmannen i kommentarar til høyringa slik:

Oppdatering av rutinar:

Rutine	Frist	Ansvar
Registrering av sjukefråvær Tieto	01.09.15	Tenestekontoret
Registrering av sjukefråvær skule	01.09.15	Tenestekontoret/skulane
Produksjon og utsending av refusjonskrav NAV	01.09.15	Kommunekassen
Oppfølging av refusjonskrav NAV	01.09.15	Kommunekassen
Oppfølging av sjukmelde	01.09.15	Tenestekontoret
Dokumentasjon av sjukefråværsoppfølging	01.09.15	Tenestekontoret
Ansvar og delegering sjukefråværsoppfølging	01.09.15	Tenestekontoret
Opplæring oppfølging av sjukmelde tenesteleiarar og andre som jobbar med sjukefråværsoppfølging	01.11.15	Tenestekontoret/ Rådmannen

Rutinar skal vere ein del av kommunen sitt kvalitetssystem.

Handsaming i Kommunestyret 16.06.2015:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke

KST-046/15 Vedtak:

1. Kommunestyret tek rapport om forvaltningsrevisjon – Oppfølging av sjukefråvær, til orientering.
2. Kommunestyret viser til konklusjon og tilrådingar og ber rådmannen følgje opp tilrådingane, som vist til i punkt 3 nedanfor.
3. Tilrådingane skal gjennomførast i samsvar med framlegget frå rådmannen i kommentarar til høyringa slik:

Oppdatering av rutinar:

Rutine	Frist	Ansvar
Registrering av sjukefråvær Tieto	01.09.15	Tenestekontoret
Registrering av sjukefråvær skule	01.09.15	Tenestekontoret/skulane
Produksjon og utsending av refusjonskrav NAV	01.09.15	Kommunekassen
Oppfølging av refusjonskrav NAV	01.09.15	Kommunekassen
Oppfølging av sjukmelde	01.09.15	Tenestekontoret
Dokumentasjon av sjukefråværsoppfølging	01.09.15	Tenestekontoret
Ansvar og delegering sjukefråværsoppfølging	01.09.15	Tenestekontoret
Opplæring oppfølging av sjukmelde tenesteleiarar og andre som jobbar med sjukefråværsoppfølging	01.11.15	Tenestekontoret/ Rådmannen

Rutinar skal vere ein del av kommunen sitt kvalitetssystem.

Saksutgreiing:

Det vert vist til kontrollutvalet si handsaming av forvaltningsrevisjon i sak 014/15 – oppfølging av sjukefråvær, samt saksutgreiing frå SEKOM av 19.05.15 og rapport frå KRYSS revisjon av 22.04.15.

Kontrollutvalet gjev slik tilråding til kommunestyret.

JØL-014/15 Vedtak:

1. Kommunestyret tek rapport om forvaltningsrevisjon – Oppfølging av sjukefråvær, til orientering.
2. Kommunestyret viser til konklusjon og tilrådingar og ber rådmannen følgje opp tilrådingane, som vist til i punkt 3 nedanfor.
3. Tilrådingane skal gjennomførast i samsvar med framlegget frå rådmannen i kommentarar til høyringa slik:

Oppdatering av rutinar:

Rutine	Frist	Ansvar
Registrering av sjukefråvær Tieto	01.09.15	Tenestekontoret
Registrering av sjukefråvær skule	01.09.15	Tenestekontoret/skulane
Produksjon og utsending av refusjonskrav NAV	01.09.15	Kommunekassen
Oppfølging av refusjonskrav NAV	01.09.15	Kommunekassen
Oppfølging av sjukmelde	01.09.15	Tenestekontoret
Dokumentasjon av sjukefråværsoppfølging	01.09.15	Tenestekontoret
Ansvar og delegering sjukefråværsoppfølging	01.09.15	Tenestekontoret
Opplæring oppfølging av sjukmelde tenesteleiarar og andre som jobbar med sjukefråværsoppfølging	01.11.15	Tenestekontoret/ Rådmannen

Rutinar skal vere ein del av kommunen sitt kvalitetssystem.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	12.12.2014	Kryssrevisjon	Oppstartsbrev i samband med tingniga forvaltningsrevisasjon frå Jølster kontrollutval
2	I	19.05.2015	SEKOM- sekretariat	Forvaltningsrevisjon - Oppfølging av sjukefråvær - Jølster kommune, tilråding frå kontrollutvalet



SEKOM- sekretariat
Postboks 338
6802 FØRDE

Vår ref
SRØ 15/410 - 3

Dykkar ref

Arkiv
033

Dato
02.07.2015

Reglement for Jølster kontrollutval med reglement for høyring, tilråding frå kontrollutvalet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Framlegg til reglement for Jølster kontrollutval datert 11.5.2015, vert vedteke med følgjande endring av § 2, 2. setning :
2. Det skal veljast tilstrekkeleg med vararepresentantar.
Framlegg til reglement for høyringar i Jølster kontrollutval datert 11.5.2015, vert vedteke.

Handsaming i Kommunestyret 16.06.2015:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

KST-047/15 Vedtak:

1. Framlegg til reglement for Jølster kontrollutval datert 11.5.2015, vert vedteke med følgjande endring av § 2, 2. setning :
2. Det skal veljast tilstrekkeleg med vararepresentantar.
Framlegg til reglement for høyringar i Jølster kontrollutval datert 11.5.2015, vert vedteke.





Jølster kommune

6843 Skei i Jølster

tlf. 57 72 61 00

postmottak@jolster.kommune.no

Med helsing

Svanhild Røkenes
Førstekonsulent
57726143

Skaparkraft - i verdas vakraste ramme.

jolster.kommune.no



Fra: Anette Sollid
Sendt: 8. september 2015 13:51
Til: Audhild Ragni Vie Alme
Emne: Prosedyrar for sjukefråværsoppfølging Jølster Kommune
